



Novaform Bergen AS  
Fjøsangerveien 70A  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2874 - 19/32442

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
knut.bjornevoll@lindas.kommune.no

Dato:  
05.11.2019

## Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 221/1 festnr 1

Tiltak: mellombels kontor  
Byggjestad: Gbnr: 221/1 fnr 1  
Tiltakshavar: Oster Pukk og Sand AS  
Ansvarleg søkjar: Novaform Bergen AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om dispensasjon den 17.10.2019.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

### Utforming av søknaden

Overskrifta seier at det er ein søknad om dispensasjon. Men teksten i vidare står det ikkje at de søker om dispensasjon, det er berre ei opplisting av fordelar og ulemper. De treng dispensasjon frå byggegrense mot veg i reguleringsplan og teknisk forskrift (TEK)

- Skriv kva de søker om dispensasjon frå og spesifiser bestemmelsane i TEK
- Grunnlegg søknaden
- Oppgi avstand frå veg, avstand frå eksisterande bygning og mål på nybygg. Vis måla på ny situasjonsplan. Bruk vedlagte kart.
- Gjer greie for krav til brannsikring mellom ny og eksisterande bygning kan oppfyllast.

### Nabovarsling

Dispensasjonssøknad skal nabovarslast, også til eigarane på andre sida av kommunevegen. Gardsnummer 221 bruksnummer 1 festenummer 1 er ei festetomt, og heimelshavar til bruksnummer 1, Johannes Tyssebotn skal varslast. Han eig også ein teig av gbnr 221/1 på andre sida av kommunevegen. Der har Kjell Leif Larsson ein teig av gbnr 221/2.

## Naboliste for 1263/221/1/1

Eiendom	Navn	Adresse	Rolle	Andel
1263-221/1	Oster Pukk og Sand AS	Eikemovegen 3 5994 VIKANES	Fester	1/1
1263-221/1	TYSSEBOTN JOHANNES	VESTRE KLEPPSVEGEN 122 5283 FOTLANDSVÅG	Hjemmelshaver	1/1
1263-221/1	TYSSEBOTN JOHANNES	VESTRE KLEPPSVEGEN 122 5283 FOTLANDSVÅG	Hjemmelshaver	1/1
1263-221/2	LARSSON KJELL LEIF	MIDTNESET 29 5994 VIKANES	Hjemmelshaver	1/1
1263-221/2	LARSSON KJELL LEIF	MIDTNESET 29 5994 VIKANES	Hjemmelshaver	1/1

### Fullmakt

frå tiltakshavar til å søka må sendast inn og vedleggast firmaattest.

### Planstatus

Gjeldande plan er reguleringsplan for Eikefet og Urdal, råstoffutvinning og industriområde, godkjent 04.04.2019. Planid. er 1263-201107. Planvedtaket er under klagebehandling, men klagen gjeld ikkje utforming av arealplanen i det aktuelle området.

### Rasfare

Reguleringsføresegnene § 6:

#### **Ras- og skredfare, H310**

Det er ikkje tillate å føre opp bygg for opphald innanfor sonene før det er utført sikringsstiltak.

- Det må gjerast greie for sikringstiltak

### Vidare saksbehandling

Dersom dispensasjonssøknaden ver godkjent, må de søka om løyve til tiltak for mellombels bygg. Samtykke frå Arbeidstilsynet må leggast ved søknaden for å oppfylla vilkår om 3 veker saksbehandlingsfrist.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 05.12.2019 Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til behandling ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Saksbehandlingsfrist

Tidsfristar for saksbehandling går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

221-1\_Regplan  
221-1\_Kart

**Kopi til:**

Novaform Bergen AS	Fjøsangerveien 70A	5068	BERGEN
--------------------	-----------------------	------	--------

**Mottakarar:**

Novaform Bergen AS	Fjøsangerveien 70A	5068	BERGEN
Oster Pukk og Sand AS	Eikemovegen 3	5994	VIKANES